



Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 04.10.2018
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Roy Bø	FRP	Kenneth Taule Murberg - H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 067, rådgjevar kultur Bente K. Hervik i sak 058, 059, 060 og 061, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det møtte 6 av 7 medlemmar i formannskapet.

Saksliste

Saksnr	Tittel
--------	--------

058/2018	Kulturminnefondet 2018
059/2018	Tilskot til idrettsanlegg 2018
060/2018	Søknad om redusert halleige under Manger cup
061/2018	Fond for inkludering og integrering - fordeling av ubrukte midlar
062/2018	Prosjekt- og aktivitetsstøtte 2018 - Manger skulemusikklag

- 063/2018 Fritak for bygningar som har historisk verdi
- 064/2018 Finansiering av driftstilskot Sambandet Vest
- 065/2018 Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1
- 066/2018 Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regionale interesser
- 067/2018 Tertialmelding januar - august 2018
- 068/2018 Tilvisingsavtale for kommunale utleigebustader
- 069/2018 Uteområde Sæbø skule - utvida omfang
- 070/2018 Meldingar og referatsaker

058/2018: Kulturminnefondet 2018

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Gunnvor Soltveit får avslag på søknaden om gjenoppbygging av naustet på Rossnes.

Bjørn Tore Nordeide får kr 35 000 til restaurering av lemstova på Kartveit.

Taulsvågen notlag får kr 22 000 til restaurering av nothengja i Taulsvågen.

Svein Inge Kvalheim får kr 8800 til restaurering av naustet i Brøndalen på Kvalheim under føresetnad av at godkjend restaureringsplan, kostnadsoverslag og finansieringsplan vert sendt til Radøy kommune innan 1. desember.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

059/2018: Tilskot til idrettsanlegg 2018

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune fordeler midlane til idrettsanlegg for 2018 som følger:

Hordabø IL	Kr 232 258
Radøy IL	Kr 158 065
Manger IL	Kr 77 419
Radøy skyttarlag	Kr 32 258

060/2018: Søknad om redusert halleige under Manger cup

Behandling:

Ordførar Jon Askeland ba formannskapet vurdere hans habilitetet i saka, ettersom han er i nært slektskap med styreleiar i arrangørklubben.

Formannskapet kjende Askeland inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka. Jostein Borlaug var møteleiar i denne saka.

Formannskapet ønskjer å få klarlagt kva dei to andre Alver-kommunane krev i halleige for arrangement og turneringar for barn og unge. Det vart også gitt uttrykk for at dei ønskjer å få vurdert ei ordning med reduserte leigesatsar for aktivitetar som rettar seg mot barn og unge.

Jostein Borlaug (AP) sette fram følgjande felles framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber rådmannen om å koma tilbake med ei sak om leigesatsar for aktivitetar for barn og unge i Radøyhallen.

Formannskapet vedtok framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber rådmannen om å koma tilbake med ei sak om leigesatsar for aktivitetar for barn og unge i Radøyhallen.

061/2018: Fond for inkludering og integrering - fordeling av ubrukte midlar

Behandling:

Rådmann Jarle Landås peika på at det er eit behov for treningskontaktar i Radøy. Han sa at erfaringa viser at rekrutteringa av denne type støttekontaktar blir betre når ein møtest i felles interesse knytt til trening og idrett.

Formannskapet gav uttrykk for at dei synest det er ein god idé å bruka midlar frå fondet til utdanning av treningskontaktar. Det blir forventa at dei som deltek på kurs for å verta treningskontakt, forpliktar seg å engasjera seg etterpå.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune nyttar midlar til inkluderings- og integreringstiltak som ikkje vart delte ut hausten 2017 og våren 2018 til finansiering av kurs for treningskontaktar.

062/2018: Prosjekt- og aktivitetsstøtte 2018 - Manger skulemusikklag

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Manger skulemusikklag får kr. 15 000,- i aktivitet- og prosjektstøtte til oppstart av juniorkorps.

063/2018: Fritak for bygningar som har historisk verdi

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

064/2018: Finansiering av driftstilskot Sambandet Vest

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Radøy kommune gir driftstilskot for 2018 til selskapet Sambandet Vest AS kr 92.035,- Tilskotet skal også dekkja kostnadene ved avvikling av selskapet. Finansiering vert gjort ved bruk av disposisjonsfond 2.56080.101 Nærings- og infrastrukturfond.

065/2018: Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kostnadsramme for ombygging av Solhall, byggetrinn 1, slik det går fram av saksutgreiinga, vert sett til kr 32.000.000.

066/2018: Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regionale interesser

Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Følgjande punkt blir sett inn før rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune ser positivt på at det blir utarbeidd samla plan for vindkraft på land.

Me ber NVE ferdigstillast denne planen før realitetshandsaming av nye vindkraft-søknader.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Radøy kommune ser positivt på at det blir utarbeidd samla plan for vindkraft på land.

Me ber NVE ferdigstillast denne planen før realitetshandsaming av nye vindkraft-søknader.

Det er store interesser knytt til biologisk mangfald, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Radøy kommune meiner at analyseområde 18 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

067/2018: Tertialmelding januar - august 2018

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om situasjonen for årets drift. Han peika på at 2018-budsjettet er stramt, og at drifta vil enda opp med eit meirforbruk. Det skuldast mellom anna at paviljongen som er på plass ved Manger skule frå inneverande skuleår, må førast på drift og ikkje som investering. Også andre tenesteområde vil koma ut med meirforbruk, pluss at skatteinnngangen er lågare enn forventast. Eit stort disposisjonsfond og eit nytt havbruksfond gjer at kommunen trass dette har god økonomisk kontroll. Økonomisjefen sa at det generelt sett ikkje er rom for vekst i drifta neste år, og at det blir jobba ut frå dette i dei ulike tenesteområda.

Rådmann Jarle Landås gav ei grundig oversikt over status for investeringsprosjekta på 2018-budsjetta. Han sa at det blir jobba systematisk med oppfølging av investeringsprosjekta.

Ordførar Jon Askeland konkluderte med at dei aller fleste prosjekta blir gjennomført i år, og at rådmannen har lagt fram god grunngjeving på kvifor prosjekt ikkje vert realisert i år.

Roy Bø (FrP) peika på at investeringar innan teknisk drift dei siste par åra har gitt gode resultat, og han meiner det må leggest opp til nye investeringar i utstyr på sektoren.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Tertialmelding for perioden januar – august 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre.

068/2018: Tilvisingsavtale for kommunale utleigebustader

Behandling:

Rådmannen orienterte i saka og sa at ein slik tilvisingsavtale med utbygger kan vera gunstig for kommunen. Tilvisingsavtale er ein avtale mellom utbyggjar og kommunen om rett til å visa bustadsøklarar til dei bustadane som er omfatta av avtalen, og gjer at kommunen kan løysa ein god del av behovet for utleigebustader gjennom ei slik ordning.

Rådmannen sa at kommunen sitt behov må vera styrande ved inngåing av denne type avtale med utbygger. Husbanken stiller også krav om at slike avtalar må lysast ut.

I bustadsosial handlingsplan kjem det fram eit behov for fleire kommunale utleigebustader.

Rådmannen peika på at tilvisingsavtalar bidreg til auka tilgang av ordinære bustader i utleigemarknaden og vil kunne gje kommunen fleire kommunalt disponerte bustader utan at det belastar kommunen sitt investeringsbudsjett.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Formannskapet godkjenner bruk av tilvisingsavtalar for å skaffe fleire kommunalt disponible utleigebustader.

Rådmannen får fullmakt til å inngå tilvisingsavtalar.

069/2018: Uteområde Sæbø skule - utvida omfang

Behandling:

Rådmann Jarle Landås opplyste at det viste seg å vera nødvendig med sprenging for å få til god drenering på uteområdet ved Sæbø skule, noko som forklarar ein god del av kostnadsauken.

Formannskapet konkluderte at det er nødvendig med ei skikkeleg oppgradering av uteområdet ved skulen.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert løyvd ytterlegare kr 800.000 til uteområde Sæbø skule, prosjekt K2140. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar.

070/2018: Meldingar og referatsaker

Behandling:

NM for blomsterdekorering: Formannskapet gjev ikkje tilskot til deltaking i NM i blomsterdekorering utfrå at dette gjeld næringsdrift. Formannskapet ber ordføraren senda ei helsing til Ingvill Marie Svenheim og Blomsterverkstaden i Austmarka med gratulasjon og ei påskjøning etter den flotte prestasjonen i NM i blomsterdekorering.

Revisjon: Ordførar Jon Askeland orienterte om mellombels ny dagleg leiar i Nordhordland Revisjon IKS etter at Reidar Bjørsvik har slutta som revisjonssjef.

Fellesnemnda: Ordførar Jon Askeland opplyste at fellesnemnda no har godkjend kommunevåpen for Alver kommune. Han orienterte også om arbeidet med bygging ny kommune. Ordføraren tok opp spørsmålet om bruk av rådhuset etter 2020. Han meiner det er klokt ikkje å låsa seg for raskt, men likevel gjera grep som viser retning.

Beredskap/stengt veg: Roy Bø (Frp) meiner det er særskild bekymringsfullt at det gjekk 23 timar før fylkesveg 565 ved Austmarka vart opna for trafikk etter det store trefallet over vegen. Bø meiner det er heilt nødvendig å påpeika denne uhaldbare situasjonen i brev til ansvarlege instansar. Dette er ein meir trafikert veg enn E39 over Romarheimsdalen og E39 over Stord, og det skapte kaotiske forhold då trafikken vart losa inn på fylkesveg 409 om Sæbø. Formannskapet reagerer sterkt på manglande handling og prioritering, og ønskjer å gje ein uttale i neste møte, der kritikkverdige forhold vert klart påpeika.

Sambandet Vest: Kontrollutvalet i Radøy har sendt særutskrift knytt til eit KU-vedtak om å oppheva selskapsrevisjon av Sambandet AS, fordi selskapet er under avvikling. Rådmann Jarle Landås peika på at det i prinsippet er kommunestyret som må gjera vedtak om oppheva vedtaket om revisjon, ettersom det kommunestyret som har godkjend dette. Men på grunn av situasjonen med eit selskap som er under avvikling, ser rådmannen saka som ein "nullitet" - utan behov for politisk handsaming. Saka vert dermed lagt fram som meldingssak til kommunestyret. Formannskapet slutta seg til rådmannen sin konklusjon.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.
